

## Krav om auka kvalitet i skulen

Hordaland Senterparti krev auka kvalitet i grunnskulen.

Kunnskapsløftet framhevar mellom anna 5 grunnleggande ferdigheter. Desse skal prioriterast og gjevast spesiell oppmerksomhet i opplæringa i alle fag.

- å kunna uttrykka seg muntleg
- å kunna lesa
- å kunna uttrykka seg skriftleg
- å kunna rekna
- å kunna bruka digitale verkty

For å kunna gjennomføra det siste punktet om digitale verkty, må skulane ha tilstekteleg antal datamaskiner på kvar skule, mellom anna for å kunna gjennomføra nasjonaleprøvar på PC. Mange skular kan ikkje dette pr i dag. Oppdaterte lærebøker er også mangelvare i grunnskulen og vert ofte ein salderingspost i skulebudsjettet.

Når det gjeld kroppsøving og fysisk aktivitet så er det viktig at skulane har midlar til å utrusta elevane med diverse småutstyr. Eit minimum er at alle elevar skal kunna ha ein ball kvar.

Eit anna moment i tilknytning til skule, er utvikling av uteareal. Spanande uteareal stimulerar til aktivitet. Aktivitet er viktig for utvikling av motorikk, som i neste omgang kan relaterast til lese- og skriveopplæring. På området uteareal, er det mykje ugjort. Utearealet blir ofte en salderingspost.

Hordaland Senterparti krev at Regjeringa i revidert budsjett for 2010 eller seinast i statsbudsjett for 2011, **aukar midlane til grunnskulen.**